

Klima – og miljørådet i Gol kommune

2019. Møtereferat.

Tid og stad: 14.01.2019, kl 13-14 møterom 345

Deltakarar: Heidi Granli, Hege Mørk, Svein Eide og Jørn Magne Forland

Agenda:

1. Organisering av møtene i 2019; frekvens, deltaking, saker, vidare rapportering ol.
2. Forslag til møteplan 2019
3. Orientering om Klimasatsordningen og søknader frå Gol kommune i 2019
4. Presentasjon om effektberegning av ulike tiltak i energi – og klimaplanen

Referat:

1. Som forslaget til møteplanen legg opp til skal rådet ha møte måndag i veker kor AMU og RåFu har møter. Dette sikrer deltaking frå alle i rådet. I utgangspunktet sitt ordfører, rådmann, kommunalsjef for samfunn/utvikling og miljøvernrådsgjevar i klima – og miljørådet. I forkant av kvart møte vert det teke stilling til om eksterne/ interne personar skal verte invitert. Sakene som er foreslege på møteplanen står fast, men det er mogeleg for at ny saker kan komme på agendaen dersom det vert aktuelt. Etter kvart møte vert referatet skrive og skal komme på lista av referatsaker til kommunestyret. Det kan også vere tilfelle at fleire saker rådet tek opp treng vidare politisk behandling. Kommunen vil informere om etableringa av klima – og miljørådet på heimesida og facebook.
2. Møteplanen 2019
 - Forslaget til møteplan vart godkjent med visse endringar skissert under:
 - Klima – og miljørådet inviterer seg til Gol ungdomsråd 2 gonger i året. Dette for å syne kven dei er og få innspel på saker som GUR meiner er viktige.
 - Gol bondelag og Gol sau og geit skal inviterast til møte i april. Der skal energi og klimaplanen verte presentert mht tiltak innan landbruk og dei inviterte skal få presentere sitt arbeid innanfor klima og miljø.
 - Gol skogsbrukslag/ Hallingskog må også få høve til å komme på eit møte i klima- og miljørådet. Nærmare tidspunkt vert avklart på neste møte i rådet.
3. Klimasatsordningen 2019 med frist 15. februar. Her er det planen at Gol kommune skal søkje om midlar til ei rekke prosjekt/tiltak:

- Interkommunalt nettverk for kompetanseheving og erfaringsdeling i Hallingdal. Forutsett at minst 4 kommunar vert med.
- Samferdselløft i Gol
- Forprosjekt klimavenleg brannstasjon
- Forprosjekt klimavenleg Renseanlegg?
- Tettstadsutvikling – sykkel ol.
- Sykkelparkering Gol stasjon , i samarbeid med Bane Nor
- Forprosjekt Biogass?

Alle søknader må vere politisk forankra, men det treng ikkje ligge føre vedtak om eigenandel på søknadstidspunktet. Her held det med eit intensjonsvedtak. Miljøvernråd gjevar lagar referatsak til Formannskapet vedrørande klimasatssøknader frå Gol kommune.

I Gol sin nye energi – og klimaplan er det inne tiltak som omhandlar bygg, tettstader og biogass. Det må lagast sak på søknad om tilskot om midlar til nettverk dersom dette er noko resten av Hallingdalskommunane er med på. Når det gjeld samferdsel er det løyvd midlar til tiltak i åra som kjem, men det må avklarast om søknad om klimasats treng ytterlegare politisk forankring. Det same gjeld søknad om midlar til sykkelparkering på Gol stasjon, som i tillegg må verte avklara med grunneigar Bane Nor.

4. Presentasjon av effektberegning av ulike tiltak i energi – og klimaplanen.. Dette vart ikkje presentert på møte pga dårlig tid. Saka vert tatt opp på neste møte.

Gol 14.01.2019

Jørn Magne Forland
Sekretær i Klima og miljørådet